

Møtereferat

Deltakarar:

FFO: leiar Eli Sjø, nestleiar Marianne Sundvor, Michael Sønnesyn, Lene Nilsen, Nooshin Zaery

SAFO: Christel Borge Bersaas-Nesse, Renate Toft

Pensjonistforbundet: Torveig Botnen

Kreftforeningen: Terje Thue

Vestland Innvandrarråd: Everline Mjømen

ProLAR Nett: Christine Lønne

Seksjon for samhandling: koordinator Randi Bjørgen Johannessen

Forfall:

Kopimottakarar: Helse Vest RHF

Møteleiar: Eli Sjø

Møtedato: 19.08.2026

Klokkeslett: 08.00 – 13.00

Møtenr: 5

Møtested: Finstua, Bikuben kurs- og konferansesenter

Arkivref: 2025/20631 - 101872/2026

Referat frå møte i Brukarutvalet 19.08.2026

Saksnr	Emne	Ansvarleg
26/36	Kva skjer i sjukehuset? v/administrerende direktør Marit Lieng og viseadministrerende direktør Clara Gram Gjesdal. Administrerende direktør helsa på brukarutvalet for første gong. Det vart gjennomført ein presentasjonsrunde der alle medlemene presenterte seg. AD understreka at brukarmedverknad er viktig. Ho ønskjer ein god og tett dialog med brukarutvalet, og ønskjer å halde fram med å delta på møta i brukarutvalet. Viseadministrerende direktør gav ei orientering om aktuelle saker til styremøtet 27. august og verksemdsrapporten per juli 2026. Aktiviteten innan somatikk var noko høgare enn budsjettet, medan lønskostnadene framleis ligg over budsjett. Helse Bergen har framleis utfordringar knytte til ventetider og fristbrot, og arbeidet med å redusere ventetidene og tilpasse drifta til budsjetttrammene for 2027 held fram.	Fast
26/37	Godkjenning av dagsorden og innkalling Dagsorden og innkalling vart godkjend.	Fast
26/38	Nytt Brukarutval 2027 v/koordinator for brukarutvalet Randi Bjørgen Johannessen.	Seksjon Samhandling

	Den nye organiseringa etter prosjektet <i>Betre brukarmedverknad</i> i Helse Bergen har ført til at Brukarutvalet i hovudsak arbeider med overordna og strategiske saker, medan saker på tenestenivå i større grad vert handterte gjennom lokale brukarpanel og andre brukarmedverknadar. Dette har medført færre medverknadsoppdrag for medlemene i Brukarutvalet. På denne bakgrunnen har seksjon samhandling drøfta om talet på medlemmer i Brukarutvalet bør reduserast frå 11 til 9 frå neste funksjonsperiode (2027 – 2028). Erfaring viser at mindre utval ofte legg betre til rette for aktiv deltaking, gode diskusjonar, godt samarbeid og meir effektiv bruk av ressursar. Brukarutvalet vart invitert til å kome med innspel før saka vert sendt vidare til føretaksleiinga. I tråd med dei nasjonale retningslinjene for brukarmedverknad på systemnivå i helseføretak vert talet på medlemmer fastsett lokalt. Samstundes må krava til samansetjing ivaretakast. Brukarutvalet drøfta konsekvensane av ei eventuell reduksjon i talet på medlemmer. Det vart peika på at færre medlemmer kan føre til auka belastning på den enkelte og redusere breidda i representasjonen av organisasjonar og brukargrupper. Fleire meinte at utvalet fungerer godt med dagens storleik, og understreka kor viktig det er at flest mogleg organisasjonar er representerte. Samtidig vart det vist til at det kan vere tilstrekkeleg med éin representant frå kvar organisasjon, og at det viktigaste er å sikre brei og god representasjon gjennom engasjerte og kompetente medlemmar. Det vart òg peika på at arbeidsbelastninga er redusert dei siste åra gjennom færre møte og oppdrag. Brukarutvalet understreka at medlemmene har ansvar for å representere alle pasientar og brukarar, ikkje berre eigen organisasjon.	
26/39	Pasient- og brukarombodet Vestland v/seniorrådgjevar Evelyn Grøttveit og fagleiar/seniorrådgjevar Marianne G. Litland. Pasient- og brukarombodet er eit fritt, uavhengig og gratis tilbod for pasientar og brukarar. Ombodet arbeider med informasjon, rådgiving og rettleiing, og bidreg til kvalitetsforbetring gjennom å løfte fram erfaringar og utfordringar frå pasientar og brukarar. Det vart presentert nasjonale og lokale erfaringar frå 2025. For Helse Bergen gjaldt mange av sakene psykisk helsevern, kirurgi og nevrologi. Dei vanlegaste problemstillingane var knytte til behandlingstiltak, avslag på tenester, oppfølging, informasjon, diagnostisering og ventetid. Pasient- og brukarombodet peika særleg på utfordringar knytte til klagesystemet, samanhengen mellom tenestene, belastninga på pårørande og ventetider i helsetenesta.	Brukarutvalet

	Brukarutvalet vart oppmoda om å invitere Pasient- og brukarombodet inn i eigne organisasjonar for å auke kjennskapen til tilbodet og arbeidet deira.	
26/40	Ernæringsstrategi v/Kari Sygnestveit og Linn Anja Vikøren. Det vart orientert om revisjonen av ernæringsstrategien for Haukeland universitetssjukehus for perioden 2025–2035. Strategien skal sikre at ernæring vert ein integrert del av pasientbehandlinga, at pasientane får rett mat til rett tid, og at tilsette har nødvendig ernæringsfagleg kompetanse. Eit sentralt mål er også å styrkje samarbeid og samhandling om ernæringsarbeidet internt i sjukehuset og med eksterne samarbeidspartnarar. Strategien skal følgjast opp gjennom handlingsplanar og jamleg evaluering. Brukarutvalet er representert i fagrådet for ernæring, som har medverka i arbeidet med strategien. Brukarutvalet vil fortløpande bli orientert om den vidare prosessen, og saka vil kome tilbake til utvalet på eit seinare tidspunkt.	Brukarutvalet
26/41	Responstid i Ambulansetenesta v/avdelingssjef akuttmedisinsk avdeling, KSK Tommy Nybakk. Brukarutvalet fekk ei orientering om responstider i ambulansetenesta, korleis desse vert målte og utviklinga i Helse Bergen. Det vart gjort greie for nasjonale indikatorar, utfordringar knytte til responstidskrav og samanhangen mellom responstid, kompetanse og ressursbruk. Helse Bergen når i dag ikkje dei nasjonale måla for responstid i ambulansetenesta. Samstundes viser nyare forskning at det er avgrensa kunnskap om kva konsekvensar dette har for pasientane i dei fleste situasjonar. Med unntak av enkelte tidskritiske tilstandar, som hjartestans og alvorlege skadar, er det ikkje dokumentert at kortare responstid åleine gir betre pasientutfall. Kvaliteten på behandlinga, god samhandling mellom tenestenivåa og rett kompetanse ofte har større betyding for pasientsikkerheita. Særleg vart behovet for å styrkje kompetansen i kommunehelsetenesta trekt fram som eit viktig tiltak. Løysingane ligg i godt samarbeid, kompetanseutvikling, effektiv flåtestyring og langsiktig strategi. Fleire ambulansar vil ikkje nødvendigvis åleine gi betre tenester eller auka pasientsikkerheit. Nestleiar i brukarutvalet vart vald som brukarrepresentant i programstyret for <i>Program prehospital utvikling (PPU)</i> i Helse Bergen. Programstyret skal bidra til styring og oppfølging av programmet, samt leggje til rette for ei heilskapleg utvikling av dei prehospitala tenestene i Helse Bergen. Brukarutvalet ser det som viktig å vere representert i dette arbeidet for å sikre brukarane sitt perspektiv i den vidare utviklinga av tenestene.	Brukarutvalet
26/42	Informasjon om avslutta tilsynssak om gynekologisk kreftbehandling og styresak om gynekologisk kreftkirurgi i	KK

	Helse Vest v/ klinikkdirektør KK, Lorentz Linde og fagdirektør Marta Ebbing. Brukarutvalet fekk orientering om det regionale arbeidet med framtidig organisering av gynekologisk kreftbehandling i Helse Vest. Ei fagfellelevurdering har tilrådd at behandlinga i større grad vert samla ved eitt senter, og eit regionalt prosjekt vurderer no ulike modellar for organiseringa. Det vart orientert om dei ulike modellane som vert vurderte. Helse Bergen har gitt innspel om modell 4, der all kirurgi ved eggstokkreft vert samla ved Haukeland universitetssjukehus, medan kirurgi ved livmorkreft vert fordelt mellom Haukeland universitetssjukehus og Stavanger universitetssjukehus. Helse Bergen meiner at omsynet til pasientane, kvalitet i behandlinga og behovet for tilstrekkeleg kompetanse og erfaring må vere styrande for den vidare organiseringa Statsforvaltaren har avslutta tilsynet med helsetilbodet til kvinner med gynekologisk kreft, og konkludert med at Helse Bergen har eit fungerande behandlingstilbod, samstundes som vidare forbetningsarbeid og tett oppfølging vert understreka. Brukarutvalet gav innspel om at den framtidige organiseringa av gynekologisk kreftbehandling òg bør sjåast i samanheng med CCC-satsinga ved Kreftklinikken og arbeidet i Driv – Senter for kvinnehelseforskning, som har som mål å styrkje forskning, kvalitet og utvikling av tenestene innan kvinnehelse og gynekologisk kreft.	
26/43	Eventuelt Pasientsikkerheitskonferansen 16. september 2026: To medlemmer frå brukarutvalet deltek med honorar. Dei øvrige medlemmene i brukarutvalet er velkomne til å delta utan honorar. Koordinator sender ut programmet når det er klart. Oppnemning av brukarmedverkar til referansegruppa for likestilling, inkludering og mangfald (LIM). Barne- og ungdomspsykiatrien (BUP): Nokre av organisasjonane som medlemmene representerer, har den siste tida fått førespurnader frå foreldre som opplever utfordringar i møte med barne- og ungdomspsykiatrien (BUP). Brukarutvalet ønskjer å gå i dialog med Fagleg samarbeidsutval (FSU) for barn og unge. Koordinator organiserer vidare oppfølging.	Fast

Randi Bjørgen Johannessen
referent